



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 09.06.2020

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fisker forbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Hengekøyepark ved Midsundtrappa/Digermulen

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om at vi menneske ikkje gjer unødige inngrep i naturen som går ut over dyr, planter og landskap. Vi er også merksame på å verne om ålmenta sine rettar til å bevege seg og opphalde seg gratis i vår unike natur. FNF er no gjort merksame på at det etablert ein hengekøyepark ved Digermulen i Midsund som er avgiftsbelagt (sjå <https://utendors.treksoft.com/no/activity/296628/overnattning-i-hengekoyepark-med-vakker-utsikt#>). Det er slik vi forstår det er det boret jernstenger ned i fjellet, etablert eit toalett (Cinderella forbrenningstoalett ?) og satt opp eit gjerde (for sikkerheit?). Ut frå skildringa av staden ligg hengekøyeparken tett ved Midsundtrappa og fjellet Digermulen.

Med heimel i Miljøinformasjonslova ber vi om tilbakemelding på korleis denne hengekøyeparken er handsama i Molde kommune i høve til friluftslova, naturmangfoldlova, plan- og bygningslov og anna passande lovverk.

helsing

Ingbjørn Bredeli

Ingbjørn Bredeli
Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no
www.fnf-nett.no